



Møre og Romsdal fylke

Justisdepartementet, postboks 8005 dep, 0030 Oslo
Stortings justiskomite
Stortingsrepresentantane frå Møre og Romsdal

JUSTISDEPARTEMENTET

09 JUL 2004

SAKSNR.: 200401046

AVD/KONT/BEH.: RSA/B-R/LSW

DOK.NR. B ARKIVKODE: 625

Vår ref.: Vår saksbehandlar:
MR 11745/2004/X21 Kristine Svendsen, 71 25 87 11

Vår dato:
01.07.2004

Samanslåing av nødnummer og reduksjon av alarmsentralar - fråsegn frå Møre og Romsdal fylkesutval

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal gjorde i møte 28. juni 2004 samrøystes vedtak om følgjande

Fråsegne

Fylkestinget i Møre og Romsdal er kjent med at det no er ein høyningsrunde vedrørande spørsmålet om å slå saman varslingsnummer 110, 112 og 113, samt ei vurdering av talet på alarmsentralar i landet.

Fylkestinget i Møre og Romsdal ser positivt på at ein etablerer tverrfaglege alarmsentralar i Norge. Ein tverrfagleg alarmsentral bidrar til at det blir større fagleg tyngde ved sentralane og raskare tverrfagleg varsling ved alvorlege ulykker.

Kravet til alarmsentralane si sikkerheit må aukast for å betre sikkerheit for nasjonen og personell som arbeider ved alarmsentralane.

Det framgår av høyningsbrevet frå Justisdepartementet at det kan bli tale om ein dramatisk reduksjon i talet på alarmsentralar. Etter oppslag i avisa Nationen den 4. juni 2004 er det tale om reduksjon frå 91 sentralar til berre 10 på landsbasis. Landet har i dag 27 politisentralar, 24 brannsentralar og 40 ambulansesentralar, dvs fleire i kvart fylke. I nemnde artikkel i Nationen blir det "ropt varsku" omkring slik reduksjon av tal på sentralar både frå informasjonssjefen i Redningsselskapet, Ingvar Johnsen, og leiar i Politiets Fellesforbund, Arne Johannessen. Fylkestinget stiller seg bak dei kritiske merknadene som kjem fram frå Redningsselskapets og Politiets Fellesforbunds representantar (vedlegg).

Fylkestinget er uroa over at ein vil redusere talet sentralar til ca 10, og følgjene av dette sett i høve til spreidd busetnad, geografi, meteorologisk tilhøve og demografiske forhold.

Ein føresetnad for ein reduksjon av alarmsentralar er at ein får ei digital "flåte-styring" av dei ulike etatane, samt eit nytt digitalt samband som gir tryggare personvern og utelukker avlytting av etatane sine samband.

Fylkestinget ber om at ein i denne samanheng får eit felles nødnummer i Norge etter modellen som er elles i Europa (112).

Fylkestinget vil vidare peike på at dei fleste fylka har så oppdelt geografi og kommune-struktur, at det av omsyn til tryggleiken for befolkninga bør vere eit relativt stort tal varslings-sentralar, sjølv om innbyggjartal rundt sentralen ikkje er så stort. I tillegg er beredskaps-områda knytt opp mot fylkesmannsembata, og dermed må det i det minste vere alarmsentralar i kvart område/fylke. Fylkestinget i Møre og Romsdal meiner dette siste kan bli for lite antall til fullgod beredskap.

Møre og Romsdal sine utfordringar på kyststrekninga når det gjeld fiske, sjøvegs transport, olje- og gassverksemda, på land med rasutsette vegar, fjellskredfare, store industribedrifter med mange tilsette i same lokale mm, tilseier at ein opprettheld alarmsentral-talet minst på dagens nivå i vårt område.



Jon Aasen
fylkesordførar